

Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Bakken Barnehage
Dato: Torsdag 22.08.2024
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: **Mette Elisabeth Lambach**

Lillianne Drønen Jæger møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til, dei som møtte er markert med X:

Svein Lunde	X Leiar
Anne Marie Røed	X Nestleiar
Tom Rydland	X Medlem
Anne Kristin Skår	X Medlem
Håkon Rydland Sæbø	- Medlem
Mette Elisabeth Lambach	X Medlem
Bård Inge Bø	X Medlem
Kari Raunholm	X Medlem
Olav J. Oma	X Sokneprest
Gisle Levåg	X kommunal representant
Lillianne Drønen Jæger	X 1. vara

Møtet vert halde i Bakken Barnehage der leiinga i starten av møtet vil gje oss ei orientering om drifta av barnehagen. Om lag kl. 19.30 vil soknerådet få møta dei tilsette i kyrkja og bli meir kjent med det daglege arbeidet som medarbeidarane står i. Behandling av sakene vert tilpassa resten av programmet for kvelden.

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2024/42	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2024/43	012.1	Godkjenning av referat frå sist møte	X
2024/44		Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2024/45		Skisse- og forprosjektrapport for gravplassen	X
2024/46		Meldingar	X
2024/47		Fornyng av misjonsavtale	
2024/48		Ny prost i Sunnhordland, høringsuttale frå Fitjar sokneråd	
2024/49		Open post	

Vedlegg

1. Skisse- og forprosjekt for gravplassen
2. Landskapsplan dagens situasjon
3. Landskapsplan
4. Misjonsavtale NMS
5. Revisjonsmelding for rekneskapsåret 2023
6. Brev til kommunen om vassavgifta for 2023
7. Tilsetjing av ny prost, orientering frå bispedømet

Sak 2024/42 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2024/43 012.1 Referat frå sist møte

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 13.06.2024.

Sak 2024/44 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

Ser litt på det som har skjedd i sommar, berre gode vikarar, og ganske mykje folk har delteke på gudsteneste og gravferd.

Framover er det mange spesial gudstenester, Håkonargudsteneste, søndagskolens dag, konfirmantpresentasjon, 4 årsbok. Konfirmantarbeid og tentreff, startar opp og alt det andre trusopplæringsarbeidet tek og til no.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2024/45 Skisse- og forprosjektrapport for gravplassen

Soknerådet fekk på førre møte ei orientering om landskapsplanen som rådgjevaren vår hadde utarbeida for nye kistegraver på F-feltet. Etter dei tilbakemeldingane som kom frå rådet har landskapsarkitekten lagt inn nokre endringar i planen. Prosjekteringa av gravfeltet er no så godt som ferdig. Det gjenstår kun nokre små detaljar.

Det neste steget i prosessen er å få godkjent tiltaket hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, som har fått i oppdrag å vera statleg gravplassmynde for heile landet. Dei fekk tidleg orientering om planane våre, og har gjeve tilbakemelding om at det skal vera uproblematisk å få gjennomføra det me har tenkt. Difor håpar me på ein rask godkjenningsprosess.

Soknerådet må no ta stilling til skisse- og forprosjektrapporten som er det som skal sendast til statsforvaltaren for godkjenning. Rådet kan be om endringar i utkastet som landskapsarkitekten har laga, før den vert sendt til godkjenning. Dette må i så fall komma fram av rådet sitt vedtak, slik at rådgjevaren kan justera rapporten i tråd med dette.

Etter at prosjektet er godkjent hos statsforvaltaren skal arbeidet med gravfeltet sendast ut på anbod. Rådgjevaren har klart det meste av dokumentasjonen som skal til anbodsprosessen. Resten av arbeidet vil føregå parallellt med godkjeningsprosessen.

Kyrkjeverja må no få på plass alt som skal til for å få gjennomført anbodsprosessen. Når dette arbeidet er gjort, og prosjektet er godkjent hos statsforvaltaren, vil soknerådet få til behandling ei ny sak som inneheld endelege planløyisingar, kostnadsoverslag og framdriftsplan. Det skal då gjerast endeleg vedtak om å lysa prosjektet ut på anbod.

Vedtak:

1. Soknerådet sluttar seg til Skisse- og forprosjektrapport for Fitjar kyrkjegard, men kyrkjeverja får fullmakt til å gjera små redaksjonelle justeringar.
2. Soknerådet ber kyrkjeverja førebu anbodsprosessen og snarast råd leggja fram ei sak om dette

Sak 2024/46 Meldingar

Under meldingar vil det verta lagt fram informasjon om m.a. desse sakene:

- a) Revisjonsmelding for rekneskapsåret 2023 (Harald)
- b) Status på saka om vassavgift for 2023 (Harald)
- c) Studiestøtte til kyrkjelydspedagogen (Harald)
- d) Kyrkjelyden si deltaking i sosialt arbeid som matutdeling og liknande. (Svein)
- e) Kyrkja sitt arbeid for flyktningar som kjem til Fitjar. (Anne Marie)
(- informasjon om kyrkja sitt arbeid? Til Fitjar mek. og frivilligsentralen)

- f) Møte i gudstenesteutvalet 21. august (Mette)
(- Om fest for frivillege, soknerådet er positive og er gjerne med på dette.
- Mat kan kjøpast
- Dato'en ?)

- g) Digitalt miniseminar med KA og utvida soknerådsmøte i 17. oktober (Harald og Svein)
- h) Prostidag i Sveio 12. september (Olav)

Vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande.

Sak 2024/47 Fornyng av misjonsavtalen med NMS

Fitjar sokn har gjennom fleire år hatt misjonsavtale med NMS for å støtta deira arbeid i Mali. Dersom samarbeidet skal halda fram må det teiknast ny misjonsavtale. Kyrkjelyden har sett ned ei eiga gruppe som arbeider særskilt med misjonsprosjektet. Arbeidet i Mali har samla stor støtte i kyrkjelyden dei siste åra, noko NMS er svært takksam for. Soknerådet har på eit tidlegare møte drøfta om kyrkjelyden skal halda fram med noverande misjonsprosjekt, eller engasjera seg i noko nytt. Utfallet av den drøftinga var å vidareføra samarbeidet med NMS for støtte til deira arbeid i Mali.

Her kan du lesa kva NMS sjølv skriv om arbeidet sitt i Mali:

HVA GJØR NMS HER?

NMS er partner i Den evangelisk-lutherske misjon i Mali (MELM) sammen med kirker i Nigeria og Kamerun, og Den Evangelisk Lutherske Frikirke. NMS bidrar blant annet med misjonærer inn i dette arbeidet.

MENIGHETSBYGGING BLANT FULANIER

Vi ønsker å bygge kristne fellesskap blant fulanitalende, gi trosopplæring til nye kristne, og bidra til å mobilisere for at folk kan bruke talentene sine til beste for lokalsamfunn og menighet. For tiden jobbes det inn mot fulanitalende både i Mali og Guinea. MELM driver også en radio der det sendes både evangeliserende og sosiale programmer.

BIBELOVERSETTELSE TIL FULANI

Det arbeides med å oversette Bibelen til fulani. Hele Det nye testamentet og noen av bøkene i Det gamle testamentet (GT), er ferdige og tatt i bruk. Maliske medarbeidere jobber nå med å fullføre GT.

BEKJEMPE KJØNNSLEMLESTELSE OG BARNEEKTESKAP

Omskjæring (kjønnslemlestelse) og fødselsskader skaper store problemer for jenter og kvinner i Mali. I samarbeid med lokale helsearbeidere har et NMS- og Norad-støttet utviklingsprosjekt oppnådd svært gode resultater. Mange landsbyer har sluttet helt med kvinnelig omskjæring, og innsatsen fortsetter i stadig nye landsbyer. Det er et mål å stoppe barneekteskap og kjønnslemlestelse av jenter i Mopti-regionen.

ALTERNATIV INNTEKT I KONFLIKTOMRÅDER

Tradisjonelt er jordbruk- og husdyrhold viktige inntektskilder, men sikkerhetssituasjonen i Mali nå gjør dette vanskelig. Det arbeides med å sikre kvinners og barns rettigheter, og bedre levekårene. Spare- og lånegrupper er sentrale i dette arbeidet, både som arena for det holdningsskapende arbeidet og for kurs i inntektsbringende arbeid for kvinner og unge voksne. Vi tror dette arbeidet er med på å skape håp og å motvirke radikaliserings i en krevende situasjon i landet. Use Your Talents-metodikken brukes aktivt i et eget prosjekt for å forbedre levekårene til fattige mennesker ved å fokusere på bruk av lokale midler og ressurser.

FAKTA OM MALI

- Innbyggertall: 23,2 millioner inkludert cirka 3 millioner fulanier.
- Religion: 93,9 % muslimer, 2,8 % kristne.
- Levekår: 2/3 av befolkningen regnes som fattige.
- Næringsveier: Jordbruk sysselsetter cirka 70 % av befolkningen.
- Styresett: Republikk. Landet er preget av konflikter, uro og voldelige hendelser.

NMS sitt avtaleskjema finn de vedlagt.

Vedtak:

1. Fitjar sokneråd teiknar ny misjonsavtale med NMS for å støtta deira arbeid i Mali
2. Avtalen skal gjelda frå no og fram til 31.12. 2027
3. Soknerådsleiar får fullmakt til å signera avtalen etter samråd med den lokale gruppa som arbeider med misjonsprosjektet

Sak 2024/48 Ny prost i Sunnhordland, høyringsuttale frå Fitjar sokneråd

I arbeidet med å få på plass ny prost i Sunnhordland er sokneråda invitert til å komma med uttale om kven som bør tilsetjast. Då utlysingsfristen gjekk ut var det komme seks søkjarar der fem av dei er lokale prestar i prostiet. Bispedømekontoret har sett slik framdriftsplan for tilsetjinga:

Søknadsfrist: 11. august

Intervju: 29. og 30. august

Frist for sokneråda sine uttaler: 10. september

Frist for innstillingsråd: 18. september

Tilsetjing i Bjørgvin bispedømeråd: 30. september

Meir detaljar om tilsetjingsprosessen er å finna i vedlegget om tilsetjing av prost.

Sidan fristen for sokneråda sin uttale er sett til 10. september, må rådet kallast inn til ekstra møte. Dette er ei personalsak som må behandlast i lukka møte.

Vedtak:

Det vert kalla inn til ekstraordinært soknerådsmøte for å gje uttale om tilsetjing av ny prost i Sunnhordland. **Møtedatoen vert fastsett til 10. september kl. 17.30 i kyrkjestova.**

Sak 2024/49 Open post

Kyrkjevert på søndag 25.08 Bård Inge og Mette

Kyrkjekaffi 01.09 Mette og Turid, kanskje nokre andre, Anne Marie,